



Arkivnr: 2014/20396-21

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		02.12.2014

Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane**Samandrag**

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i høyringsforslag til Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og versatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vert ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar av friluftsområder.

I juni 2014 lyste Miljødirektoratet ut ei tilskotsordning for fylkeskommunane knytta til kartlegging og verdisetting av friluftsområder med ei ramme på kr 3,2 mill. Det vart stilt krav om 50% eigne ressursar frå fylke og kommunar. Hordaland fylkeskommune bidreg med kr 250.000 frå post 400.420 og vart i tilsegnsbrev av 19.9 2014 tildelt kr 400 000. I 2008 vart det gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av regionalt viktige friluftsområder der alle kommunane var involvert. Desse data skal implementerast i Naturbasen.

Kommunane hadde søknadsfrist 12.11 til Hordaland fylkeskommune, og det kom inn 9 søknadar. Alle søkerne møtte vilkåra for tildeling av tilskot.

Forslag til vedtak

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 650.000 til kartlegging og verdisetjing av friluftsområder slik;

1. Implementering av data frå rapporten *Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige friluftsområder* (2008) til Naturbasen kr 50.000.
2. Tilskot til lokal prosjektleiing i kommunane. Midlane vert overført til kommunen eller til Bergen og Omland friluftsråd eller Friluftsrådet Vest, der kommunane vel å nytte desse som prosjektleiarar

Søkar	Total kostnad	Søknadssum	Tildeling 2014
Fjell kommune	kr 318 200	kr 35 000	kr 35 000
Kvinnherad kommune	Kr 180 000	kr 60 000	kr 60 000
Os Kommune	kr 160 000	kr 60 000	kr 60 000
Lindås kommune	Kr 100 000	kr 60 000	kr 60 000

Bergen kommune	kr 300 000	Kr 222 000	kr 215 000
Osterøy kommune	kr 180 000	Kr 90 000	kr 60 000
Meland kommune	kr 175 500	kr 40 000	kr 40 000
Tysnes kommune	kr 51 000	kr 10 000	kr 10 000
Askøy kommune	kr 100 000	kr 80 000	kr 60 000
9 kommunar	kr 1.564. 700	kr 657 000	kr 600 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.11.2014

Bakgrunn

I gjeldande fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012 er det eit mål at befolkninga i Hordaland skal ha høve til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og i naturen.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er eit viktig bidrag for å nå dette målet ved at kommunane identifiserer, utvikle og ivareta areal for friluftslivet. Det er eit særskilt fokus på tettstad- og bynære friluftsområder som er særleg viktige element i folkehelsearbeidet.

Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområder vart gjennomført i [Hordaland i 2008](#). Desse resultata skal implementerast i Miljødirektoratet sin Naturbase. Fleire kommunar har i ulike grad kartlagt og verdsatt lokale friluftsområder med støtte frå Fylkesmannen (skjønnsmidlar). Hordaland fylkeskommune ønskjer å vidareføre og kvalitetssikre dette arbeidet med hjelp av ny rettleiar frå Miljødirektoratet *M98-2013*

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder til alle Hordaland sine 33 kommunar. Tiltaket er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i høyringsforslag til Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og versatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018, då denne kartlegginga vert ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar av friluftsområder.

Om ordninga

Som ledd i satsinga på kartlegging og verdsetting av friluftsområder oppretta Miljødirektoratet ei tilskotsordning for fylkeskommunane. Råmene for tilskotsordninga er 3,2 millionar i 2014. Midlane vart lyst ut av Miljødirektoratet 25. juni 2014, med søknadsfrist 1.september. Hordaland fylkeskommune sökte og mottok tilsnsbrev frå Miljødirektoratet på kr. 400 000 den 19.09 2014. Det vert føresett at fylkeskommunane og kommunane til saman bidreg med minimum 50 prosent eigenfinansiering av arbeidet. Den fylkeskommunale eigenandel er dekka frå kr. 250 000 frå post Idrettsprosjekt 400.420. og arbeidsressursar frå Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga.

Det er krav om at kartlegginga og verdisettinga av friluftsområda skjer i tråd med Miljødirektoratet sin rettleier *M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*, og at både friluftslivsområder i byar og tettstader og naturen elles vert kartlagd. Resultata skal leverast til Miljødirektoratet si kartdatabase Naturbase.

Mål med kartlegginga

Metoden vil kunne bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikre befolkninga høve til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen for øvrig. Målet med kartlegginga er å:

- få oversyn over og tydeleggjera areaala til friluftsliv i kommunen
- få verdisett og prioritert areaala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar. Døme på dette kan vere å sikre eit godt grunnlag for å utarbeide ein sti- og løypeplan for kommunen/ regionen. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Miljøverndepartementet om å ha gjennomført kartlegging og verdisetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder. Det langsiktige målet er kartlegging og verdsetting i tråd med M98-2013 i alle kommunane i Hordaland innan 2018.

Roller og ansvar

Som prosjektkoordinator skal fylkeskommunen motivere og rettleie kommunane i arbeidet, og sikre erfaringsutveksling mellom kommunane underveis. Arbeidet i den enkelte kommune vert leia av ein lokal prosjektleiar som har ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med M98-13 med oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe, og har ansvar for rapportskriving. Friluftsråda vil også vere ein viktig aktør i medlemskommunane (23 av 33 kommunar) i rolla som lokal prosjektleiar der kommunane ønskjer bistand. Bergen og Omland friluftsråd tilbyr å vere prosjektleiar også for kommunar som ikkje er medlemskommune. Midlane kan i desse høva overførast direkte til friluftsråda.

Hordaland fylkeskommune vil bistå i arbeidet med å digitalisere, kvalitetssikre og gjere om datafilene til SOSI format for å kunne legge data inn i Naturbase.no.

Ved utarbeidninga av prosjektrapporten [*Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland \(2008\)*](#) hadde alle kommunane ei aktiv rolle. Digitale data frå denne prosjektrapporten skal oppdateras ved å etterfylle utdaterte data om områder frå arbeidet i 2008. Data skal konverteras til ein standardisert SOSI fil og sendast til administrator som godkjener og legg dei inn i Naturbase.no. Fylkeskommunen har intern GIS kompetanse som skal koordinere dette arbeidet.

Fylkeskommunen arrangerer ei samling 23. oktober for dei kommunane som har vist interesse og som har erfaring frå tidligare kommunal kartlegging av friluftsområder. I januar vert det arrangert eit nytt ope møte for å involvere fleire kommunar i arbeidet. På denne samlinga vil ein representant for Miljødirektoratet vere tilstade samt alle andre naturlege samarbeidspartnarar. Når dei første kommunane har gjort kartlegging og verdsetting, skal representantar frå dette arbeidet vidareformidle erfaringane til andre kommunar som skal i gang gjennom møteverksemd. Friluftsråda vil ha ei viktig rolle i dette arbeidet.

Vurdering

Alle kommunane ønskjer å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med rettleiar M98-13. Kartlegginga legg særleg vekt på nærmiljøområder, ferdsselsårer og grøntområde i og nær busetnad/tettstader.

Erfaringar frå Nordland fylkeskommune har vore lagt til grunn i vurderinga av tildeling 2014. I Nordland vart det tildelt mellom 30.000 – 60.000 til kvar kommune. I Hordaland er det lagt opp til same praksis, med unnatak av Bergen kommune, som skal kartlegge alle bydelar.

Miljødirektoratet har kr 5 mill i budsjettet for 2015 til denne ordninga nasjonalt (vert endeleg vedteke i statsbudsjettet for 2015). I rådmannen sitt budsjettforslag for Hordaland fylkeskommune er det lagt inn kr 428.000 til kartlegging og verdisetting av friluftsområder. Det vert ny søknadsrunde i 2015.

I søkerprosessen fylte kommunane ut relevant informasjon i eit ferdig skjema. Her er det bede om fristar, finansieringsplan, arbeidsplan og vurderinger av ressursbruk og prosjektleiing. Alle søkerne er godkjent.